



Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard

Kinn kommune
Postboks 294
6701 MÅLØY

Dato: 29.09.2024
Vår ref: 24/04535-2
Dykkar ref: 23/1224 - 24/35508

Fråsegn til høyring av kommuneplanen sin samfunnsdel 2024-2036 og planstrategi for Kinn kommune

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 26. juli 2024.

DMF er statens fagorgan og sektormyndigheit for mineralressursar og mineralverksemd. DMF skal bidra til auka verdiskaping gjennom å leggje til rette for ein langsiktig ressurstilgang basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og tilverking av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har i tillegg som sektormyndigheit eit særleg ansvar for at mineralressursar blir tekne omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å unngå at viktige førekomstar blir gjort utilgjengeleg av arealbruk som hindrar framtidig utnytting.

Om saka

Kinn kommune har sendt forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel 2024-2036 og planstrategi for 2024-2027 på høyring og til offentleg ettersyn.

Fråsegn frå DMF

I nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027 står det at regional og kommunal planlegging er viktige verktøy for å sikre at verdifulle mineralførekomstar, som kan gi framtidig verdiskaping, ikkje blir bygde ned. Kommunal planlegging er avgjerande for å sikre dei langsiktige arealbehova for mineralnæringa.

Regjeringa forventar blant anna at:

- *Viktige mineralførekomstar blir sikra i regionale og kommunale planar, og utvinning blir vege mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser.*
- *Heilskapleg masseforvaltning blir avklart i regionale og kommunale planar. Planar for større byggje- og anleggsarbeid avklarar korleis overskotsmassar skal disponerast og korleis nødvendig areal til handteringa skal sikrast. Moglegheita for ombruk og materialgjenvinning blir vurdert, og ein bør prøve å oppnå massebalanse.*



Planstrategi

DMF kan ikkje sjå at det er gjort vurderingar i planstrategien om eksisterande plangrunnlag i tilstrekkeleg grad sikrar ei god og langsiktig forvaltning av kommunen sine mineralressursar. God planlegging og synleggjering av mineralressursar bidreg til å sikre at viktige førekomstar av mineralske ressursar¹ ikkje blir bygde ned, og gi mineralnæringa føreseielege rammevilkår på kort og lang sikt.

Ifølge planstrategien er ny arealdel til kommuneplanen planlagt vedteken i 2025/26. Arealdelen er eit viktig verktøy for å synleggjere viktige mineralressursar og mineraluttak i tråd med nasjonale mål og forventningar. Arbeidet med arealdelen gir òg ei god moglegheit for å gjere ei overordna vurdering av om kommunen har tilgang på naudsynte byggeråstoff for å realisere planlagt utbygging.

Samfunnsdel

Mineralressursar er, ut frå det DMF kan sjå, ikkje omtalt i samfunnsdelen. DMF tilrår at temaet mineralressursar blir innlemma i samfunnsdelen, slik at det blir lagt overordna føringar for mineralske ressursar og mineralverksemd før revisjon av kommuneplanen sin arealdel. Mineralressursar er ikkje-fornybare naturressursar som berre kan takast ut der dei førekjem naturleg og tilgangen er derfor bestemt av moglegheita for å etablere uttak nær forbruksområdet eller avstanden til eksisterande uttak. Kommunen bør i samfunnsdelen gjere greie for tilgangen til byggeråstoff i kommunen og vurdere om det bør planleggast for utviding av eksisterande eller etablering av nye masseuttak.

DMF har utarbeida levetidskart² og ressursrekneskap³ for byggeråstoff i kommunane, der kjeldegrunnlaget blir oppdatert kvart år. Desse kan brukast til å vurdere tilgangen på ressursar i framtida, både lokalt i kommunen og regionalt. Ifølge DMF si levetidsanalyse for 2023 har Kinn kommune ei estimert gjenståande levetid på over 50 år for knust fjell og 0 år for sand og grus. Levetidsanalysen inneheld berre uttak av massar som blir rapportert til DMF, og ikkje overskotsmassar frå bygg- og anleggsverksemd. Kommunen bør difor vere kjent med kor massar dei har behov for kjem frå i dag og kor massar for framtidig behov skal kome frå.

Ved større utbyggingsprosjekt er det viktig at mineralske massar av god kvalitet blir vunne att som byggeråstoff framfor å bli deponert permanent. Auka bruk av overskotsmassar kan redusere presset for å opne nye masseuttak, utvinning av grus- og pukkførekomstar og behovet for massetransport. Ei heilskapleg vurdering av massehandtering i plansamanheng kan vere eit nyttig verkemiddel for å avklare moglegheiter og ramar for ein meir sirkulær mineralressursbruk, til dømes som del av temaplan for klima, berekraft og naturmangfald.

¹ Malm-, industrimineral- og natursteinsdatabasen (NGU):

https://aps.ngu.no/pls/oradb/minres_Mi_list_fkom_ks.Alle_fkom?p_kommunenr=4602R&p_sprak=N

Grus- og pukkdatabasen (NGU):

https://aps.ngu.no/pls/oradb/grus_GP_Oppslag_KS.Alle_fkom_komm?p_kommunenr=4602

² DMF sitt levetidskart for byggeråstoff: <https://dirmin.no/levetidskart>

³ DMF sin ressursrekneskap for byggeråstoff: <https://dirmin.no/ressursregnskap>



For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du òg vår digitale kartløyning, som er eit nyttig verkøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad
seksjonsleiar

Henning Sigstad
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Henning Sigstad

Mottakarar:

Kinn kommune

Postboks 294

6701 MÅLØY

Kopi til: